


Svar på spørsmål grendamøte Øvre Suldal – 10 svar

1. I kor stor grad fremjar dagens struktur eit likeverdig tilbod for barn i kommunen?

[Flere detaljer](#)

- i svært liten grad 1
- i liten grad 3
- i stor grad 2
- i svært stor grad 4



2.

På kva måte fremjar/hemmar dagens struktur eit likeverdig tilbod for barn i kommunen?

For lite tilbud i små skular

For få tilbud på små skular, feks valfag/språk

Det er forskjellsbehandling på tenester og oppfølging om du bur i grendene eller om du bur meir sentralt

Lav andel ansatte har formel/ godkjent kompetanse. Mer begrenset tilgang til støttetjenester som PPT, Helsesykepleier enn andre skole som f.eks Vinjar og Sand. Mindre muligheter til å benytte kommunale tjenester og tilbod som Suldal bad, museet m.m. Elever med behov for spesialpedagogisk tilrettelegging får ikke dette, men tilpasses ut fra det skolen har ressurser til.

Dette spørsmålet ville eg helst ikkje svart på, for det manglar eit alternativ; at strukturen verken hemmar eller fremjar eit likeverdig tilbod. Det er ikkje strukturen i seg sjølv som hemmar eller fremjar likeverdige tilbod i skulane våre. Dette spørsmålet legg føringar for svara til folk.

Nokon unger må reise langt til ungdomsskolen. Det er negativ.

Det er i følge lova ein rett å få gå på skule i sitt nærmiljø.

At alle får gå på skule i sitt eige nærmiljø.

At det fins skular i grendene som skapar tilhørighet for det området borna bur i. Ein skule med lang reiseavstand til ei anna grend kan ikkje skapa tilhørighet for opovekststaden til borna.

Hemmer i form av begrensing av sosialt nettverk og utvikling sosialt om ein kjem frå mindre stader.

3.

Fordelar med dagens struktur i barnehage og skule?

Ingen fordel, for lite barn

Små miljø lett å ha oversikt

Kort veg til skule. God oppfølging om du treng hjelp. Svært lite mobbing. Lett å ta tak i å gjera noko med

Nærhet til hjem og miljø, kort avstand til skolen. Kan sykle/ gå. Få barn per voksen. Færre elever gir potensielt mindre støy, mer oversikt og mindre elever å forholde seg til.

Det er til barnets beste å gå på ein nærskule. Nærskuleprinsippet er viktig i norsk skule. Små miljø fremjar læring og gir trygge miljø. Å vera saman på tvers av alder fremjar læring og gir trygge miljø. Små skular gjer at ungane blir sett og får mykje støtte.

Kort veg til barneskolen. Mindre klasser. Bedre oppfølging.

Det er trygt å få gå i sitt nærmiljø. Ein slepp og angst for å måtte ferdast på norges farligaste vegar. Det kjem nå forskning og praksis som styrkjer små skular. Suldal kan bli ein foregangskommune på dette feltet.

At alle har nærskule/barnehage.

Kortare reiseveg for borna og moglegheiter for å vere ein del av sitt lokalsamfunn. Ungane blir mindre trøytte og blir betre sett i mindre einingar.

Ungdomskulen på sand

4.Ulemper med dagens struktur i barnehage og skule?

For få faglig utanda lærerar

Små miljø, vanskelig å oppdaga problem/vansker

Snart for lite elevar

Færre å være med, mer homogen gruppe, mindre sosial stimuli og utvikling. Begrenset oppfølging fra støttetjenester. Fører og til at overgangen til ungdomsskole og annen utdanning kan bli mer krevende, pga da er det ofte større forhold som elevene ikke har fått trening i.

Det er altfor lang reiseveg for mange elevar til ungdomsskulen. For barneskulen er ikkje strukturen ulempen, men at lærarar etter endt utdanning kun er kvalifiserte til å undervisa i eit par-tre fag slik at det blir veldig komplisert på mindre skular å ha rett kompetanse i alle fag med få lærarar.

Ingen

Ei lærarutdanning som ikkje er tilpassa realitetene i rurale strøk skaper rekrutteringsutfordringar. Dette kjem det endringar på snart. Eit etterslep mht tidsrett boligstruktur i grendene skapar og problem her. Dette må og ordnas raskt. Ein må rigga, med nye grep, tryggleik og robustheit rundt drifta og dei praktiske løysingane, så er det ikkje ulempar med dagens struktur.

Sentralisert ungdomsskole med lang reiseveg for ein del elevar.

I nokre tilfelle kan det være bra med fleire born. Stort sett har me ikkje hatt

For få born i barnehagen på nesflaten. Gruppa har stort sprik i alderen på barn barnehagen som gjev utfordring med å tilfredsstille behov og kunne få sosial utvikling.

5. Dersom det ikkje var ein einaste barnehage i kommunen i dag, og ein skulle plassere barnehagar heilt fritt ut frå dagens og framtidas behov: kor mange barnehagar skulle ein hatt?

[Flere detaljer](#)

- 0-2 0
- 2-3 1
- 3-4 3
- 4-5, 0
- som i dag 6



6.Kvifor?

Støre barnehage e kjekkare å gå i som barn, barn trivst i lag me andre barn. Å kan utvilke ein go sosial evne

Ungar trivst betre når ein er fleire i lag

Barnehage er ein nødvendighet for at folk skal busetta seg. Svært få vil transportera ungane 30-40 min morgen og kveld. I tillegg er det upraktisk

Samle kompetanse, mer ressurser per eining, sosial utvikling.

Små barn skal ikkje reisa langt til bhg og dei trivst godt i små miljø. Det er også viktig for busetnad i grendene at det finst bhg overalt som i dag. Og det manglar eit alternativ som seier fleire enn i dag.

Barn skal ha kort veg til barnehagen. Punktum.

Suldal må velje ei fremtid med liv i grendene. Suldal må slutte å kontinuerlig stress og skape utryggheit for både barnefamiliar og storfamiliar. Om me vil trygge ei framtid for generasjonar kan me ikkje berre følgje straumen der ein legg ned og sentralisersr i aust og vest. Dette kan me få til om me står saman og henter hjelpe frå dei leiande på forskning på dette feltet.

Viktig med barnehage i kvar grend.

Fordi det er viktig med nærmiljø i forhold til skule og barnehage

For å oppnå større grupper og fleire jamnaldra barn

7. Dersom det ikkje var ein einaste skule i kommunen i dag, og ein skulle plassere skular heilt fritt ut frå dagens og framtidas behov: kor mange skular skulle ein ha?

[Flere detaljer](#)

- 0-2 0
- 2-3 2
- 3-4 2
- 4-5 1
- som i dag 5



8. Kvifor?

For de e ikkje kjekt å gå på skule når du e aleina i klassen. De må ungås å dermed bedre at de e støre skule, men lengre reisa

Ha kortast mulig skuleveg. Då me har mykje farlige vegar i Suldal.

Samme som ved bhg.

Igjen, det manglar eit alternativ som seier fleire enn i dag. Eg meiner ein må jobba for å halda på dei skulane me har. Det er viktig med nærskule for å sikra eit trygt oppvekstmiljø og barnets beste. Det er for lange avstandar mellom bygder til at det er forsvarleg å senda ungar kvar dag. Det er også rasfarlege vegar som gjer eg får vondt i magen om eg må senda ungane mine på i all slags ver. Det er mykje vegarbeid på rv 13 i mange år framover. Me som pendlar på strekninga veit kor mykje det forlengar reisetida, sjølv om du køyrer i hælane på bussen. Ein må sørja for å vidareutdanna dei lærarane me har slik at me når måla for kompetanse heller enn å senda å slita ungane ut på å køyra buss. Kvalme og trøtthet fremjar ikkje læring. Legg ein ned skulane i grendene, legg ein ned grendene på sikt, spesielt på Nesflaten kor det er langt til neste bygd, men det gjeld alle grendene. Og så er det komme fram samanlikningar med samanslåingar av skular i Stange kommune (Tefarksforsking), men i Stange har dei så kort veg mellom grendene sine at det ikkje kan samanliknast med Suldal. Også Jøsenfjorden er nemnd som døme på at det går bra å leggja ned skulen, men det kan heller ikkje samanliknast, ei heller Vindafjord har like lange avstandar og farlege vegar som Suldal. I Øvre Suldal vil avstanden for dei som bur i Bleskestad og Bråtvit spesielt, vera så lang at ingen familiar med barn i bhg/skulealder vil busetja seg der om ungane må til Suldalsosen eller Sand for å gå på skule. Då blir det hyttebyar i Bleskestad og Bråtvit, ingen matproduksjon, mykje kultur og kunnskap om å utnytta ressursane rundt seg vil døy ut og beredskapen vil bli mykje dårlegare. Ikkje på fem år, men innan 50 år. Og så langt fram må me våga å sjå. Når det gjeld spørsmål 9 og 10, manglar det alternativ som er mindre enn 6 og mindre enn 13. Og kva som er forsvarleg er vel nedfelt i loven, det er ikkje me foreldre som skal synsa om det? For om eg skal det, så syns eg at det går heilt fint med 3 barn i bhg og eg syns det kan vera forsvarleg med mindre enn 13 i skulen. Det

kjem heilt an på. Dersom skulen har kompetanse og trivsel er det heilt forsvarleg med færre barn enn 13. Og ein må hugsa nærskuleprinsippet; alle som soknar til skulen skal reknast med i talet på kor mange ungar det kunne vore på skulen. Dei som vel nærskulen sin skal ikkje ha ulemper ved at andre ikkje gjer det. Igjen, spørsmåla dykkar legg føringar for kva me skal svara, og det er obligatorisk å svara for å få sendt inn skjemaet. Det er ikkje greitt. Kven har utarbeidd dette skjemaet? Her burde de henta inn kompetanse på slik type forsking for å få utarbeidd eit skjema som er forsvarleg.

Kort veg for ungene. Eit kjent nærmiljø rundt skulen som er trygt for ungene å utvikle seg til sitt beste.

Sjå svaret over. Det er tilgjengelig omfattande forskning som viser svært gode resultater frå små skular. Ein må ikkje underkommunisere desse. Det er og eit betydelig unytta potensiale i å samhandla meir med lokale ressurser i grendeskulane. Om ein gjer den feilen å kvitte seg med greneskulane, misser me dette potensialet. Dette aspekter kjem for fullt, i framtida, og betyr mykje i områder td. i Sverige og Finnland der en er komne lenger i arbeid for å styrkja dei minste skulane. Ein kommentar til denne undersøkinga: Det må være mogleg å gi kommentar på kvart spørsmål. Dette handlar og om alvorleg lange reisevegar. Og barnas beste handlar ikkje berre om at lærarane oppfyller kompetansekrav (som det er kjent at ikkje utan vidare gir betre resultater i skulen) men og om barnets rett til å få være i sitt heimemiljø og få bli kjent i og kjemt med bygda si. Av og til kan elevtal kanskje vippe under 12 eller 13 Det må ein leve med. Samfunnskontrakten mellom kommunen og innbyggjarane må gjerdast trygg og god.

Viktig med skule i kvar grend.


Fordi det er viktig med nærmiljø i forhold til skule og barnehage

For å ikkje få for store klassar mtp læring men heller ikkje for små mtp det sosiale

9. Bør ungdomskulen skiljast ut som eigen skule?

[Flere detaljer](#)


- Ja 5
- Nei 5



10. Kor liten kan ein barnehage (tal på plassar, barn under 3 år tel dobbelt. Altså kan 6 plassar vera 3 barn) vere for at det skal vere forsvarleg med tanke på Leikemiljø, Kompetanse, Leiing, Anna

[Flere detaljer](#)

- 6 6
- 12 3
- 18 1
- 24 0
- 30 + 0



11. Kor liten kan ein skule vere for at det skal vere forsvarleg med tanke på Læringsmiljø, Kompetanse, Leiing , Anna

[Flere detaljer](#)

- 13 (12 gir udekt skule) 6
- 20 0
- 30 3
- 50 1
- 70+ 0

